



## REGLEMENT FOR LØN OG GODTGJERSLE FOR FOLKEVALDE 2015 - 2019

### 1. ÅRLEG GODTGJERSLE

Løn og/eller godtgjersle skal ytast til ordfører, varaordfører og politiske medlemmer av alle faste styrer, råd og utval og til medlemmer av utval oppnemnt av kommunestyre, formannskap eller hovudutval. Godtgjersla omfattar alle møter, kurs, konferansar, representasjonar o l som ein vert kalla inn til eller pålagt å møta på.

Godtgjersla er fast og dekker alle utgifter i samband med møta, unnateke reiseutgifter og utgifter til barnepass.

Fråver frå meir enn 25 % av møtene pr møte pr kalenderår fører til tilsvarande reduksjon av den faste godtgjersla.

Alle som får fast godtgjersle, må ved fråver som skyldes sjukdom, levera legeerklæring til politisk sekretariat.

Løn/ og eller godtgjersle for politiske møter og representasjonar blir fastsett av kommunestyret. Avtroppande kommunestyre fastset løn og godtgjersle for komande nyvalde kommunestyre og dei styrer, råd og utval som følgjer av nyvalet.

Kommunestyremedlemmene får abonnement på Kommunal Rapport.

**a) Ordfører** i 1/1 stilling. Løna blir justert frå 1/5 kvart år lik stortingsrepresentantanes løn (endra gjeldande år) pluss 10 %. Ordføraren er medlem av pensjonsordninga i KLP. Bilgodtgjersle etter kjørebok gis etter Staten sine satsar. Telefon blir dekket etter kommunal mobiltelefonordning.

Ordfører gis ei ettergodtgjering i 3 månadar dersom vedkomande ikkje trer inn i ny stilling etter valperioden.

**b) Varaordfører** skal ha 20% av ordføraren si løn. 10% skal vera godtgjersle for varaordførarvervet og 10% skal vera for arbeid med forhandlingsutvalet.

Varaordfører gis ei ettergodtgjering i 3 månadar dersom vedkomande ikkje trer inn i ny stilling etter valperioden.

**c) Formannskapsmedlemmene inkl. varaordfører** skal ha 7 % av ordføraren si løn.

**d) Leiarane i utval for helse- og sosialsaker, utval for opplæring og kultur og utval for tekniske saker og næring** skal ha 6,5 % av ordføraren si løn.

**e) Jæren everk:**

**Leiaren i styret** skal ha 6,5 % av ordføraren si løn.

**Medlemmene i styret** skal ha skal ha 2,5 % av ordføraren si løn.

**f) Kontrollutval:**

**Leiaren** skal ha 4 % av ordføraren si løn.

**Medlemmene** skal ha 2,5 % av ordføraren si løn.

**g) Medlemmene i kommunestyret inkl. varaordfører** skal ha 3,5 % av ordføraren si løn.

- h) Medlemmene i utval for helse- og sosialsaker, utval for oppl ring og kultur og utval for tekniske saker og n ring** skal ha 2,5 % av ordf reren si l n.
- i) Barn- og unges representant i det faste utvalet for plansaker** skal ha 2,5 % av ordf reren si l n.
- j) Kommuneplanutvalet**  
**Medlemmene** skal ha kr 800 pr m te.
- k) Klientutvalet:**  
**Medlemmene** skal ha kr 800 pr m te.  
**Leiaren** skal i tillegg ha kr 200 pr m te.
- l) Valstyret:**  
**Medlemmene** skal for kvart val ha ein eingongssum p  kr 1000.
- m) R ystestyret:**  
**Medlemmene** skal ha kr 1500 (kr 1000 fr  kl. 13.00).  
**R ystestyreleiarane** skal ha kr 750 i tillegg.
- n) Seniorr det og brukarr det:**  
**Medlemmene** skal ha kr 800 pr m te.  
**Leiarane** skal i tillegg ha kr 200 pr m te.
- o) AU (arbeidsutvalet) i ungdomsr det:**  
**Medlemmene** skal ha kr 400 pr m te.  
**Kommunalt oppnemnde medlemmer** skal ha kr 800 pr m te.  
**Leiaren** skal i tillegg ha kr 100 pr. m te.  
**M tande varamedlemmer** skal ha kr 400 pr m te.
- p) Forretningsf rar overformynderiet** – skal ha 8 % av ordf reren si l n.  
**Kontrollerande overformynder** skal ha 2,5 % av ordf reren si l n.
- q) Interkommunale utval** f r ikkje godtgjersle fr  kommunen, men fr  vedkomande organisasjon.
- r) Kommunalt oppnemnde representantar i eksterne utval** f r utbetalt godtgjersle der desse ikkje f r anna godtgjersle jf. pkt. 2 c.
- s) Mellombels oppretta utval.** Medlemmer f r kr 800 pr m te. Leiaren f r kr 200 ekstra for kvart m te.
- t) Gruppeleiarane** skal ha 1 % av ordf reren si l n.

## **2. M TEGODTGJERSLE**

- a) Folkevalde som mottar fast  rleg godtgjersle, f r inga m tegodtgjersle.
- b) Dersom medlemmer same dag deltek i m ter der utvalet er personidentiske (f. eks. m ter i hamnestyret, partsamansett utval m.m.) med formannskapet, har medlemmene ikkje rett til s rskilt m tegodtgjersle.

- c) Møtande varamedlemmer i formannskapet, hovudutval, styret for Jæren everk, og medlemmer og varamedlemmer i øvrige kommunale styrer, råd og utval som er politisk oppnemnde, får kr 800 pr. møte. Møtande varamedlemmer i kommunestyret får kr 800.
- d) Det vert ikkje betalt møtegodtgjersle til møtande vararepresentantar for formannskapsmøte av inntil 1 times varighet umiddelbart før eller etter kommunestyremøte. Det same gjeld andre utval der deler av representantane er dei same.

### **3. GODTGJERSLE**

#### a) Omsorgsgodtgjersle:

Det kan gjevast godtgjersle til dokumenterte kostnader til pass av barn under 12 år, til einsleg forsørgjar, og til ektefelle/sambuar der den andre ektefellen/sambuaren er i løna arbeid i møtetida eller innlagt i helseinstitusjon. Møtedeltakarane må sjølv krevja slik godtgjersle. Sats for barnepass: kr 150 pr møtetime.

Tillitsvalde som har omsorgsansvar for sjuke, eldre eller funksjonshemma, får etter rekning dekkja utgifter til tilsyn og pleie for den tida han/ho er fråværande for å ivareta kommunale verv.

#### b) Reiseutgifter:

Reiseutgifter i samband med utføring av vervet som politisk tillitsvald blir dekkja etter reglane til det kommunale reiseregulativ. Den tillitsvalde må sjølv leggja fram reiserekning på fastsett skjema.

### **4. ERSTATNING FOR TAPT INNTEKT**

Erstatning for legitimerte utgifter blir sett til inntil kr 3000 pr dag for møter som varer over 4 timar. Møter som varer 4 timar eller mindre, blir sett til inntil kr 1500

Ulegitimerte utgifter blir sett til kr 1000 for møter som varer over 4 timar. Møter som varer 4 timar eller mindre, blir sett til kr 500 pr dag.

Legitimert tapt arbeidsforteneste blir bare utbetalt dersom møtet er lagt til ei slik tid at vedkomande må ta fri frå ordinært arbeid for å delta i møte. Vedkomande må sjølv fremja krav om tapt arbeidsforteneste for kvart møte.

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste gjeld generelt når møtet startar før kl. 18.00. Vedkomande må sjølv fremja krav om og sannsynleggjera tapt arbeidsforteneste.

Kommunalt tilsette som deltek i kommunale møter og liknande i den vanlege arbeidstida, skal ikkje trekkjast i løn. Eventuelle vikarutgifter blir dekkja av den etaten som utvalet høyrer til under.

### **5. ANNA**

#### a) Kostgodtgjersle:

Normalt blir det ikkje betalt kostgodtgjersle. For møte/synfaring som ein reknar varer meir enn ca tre timar kan det ordnast med enkel servering på kommunen sin kostnad. Ved deltaking i konferansar, møter og liknande utanfor kommunen blir kostgodtgjersle betalt etter gjeldane reglar dersom det ikkje er ordna med felles servering.

#### b) Dersom medlemmer av eit folkevald organ blir oppnemnt til eller får aksept av ordførar til å delta på kurs eller konferanse, får vedkomande eventuelt for tap i inntekt. Spørsmål om

møtegodtgjersle må vurderast spesielt i kvart tilfelle. Tilsvarende gjeld for medlemmer av folkevalde organ som av ordførar blir bedt om å representera kommunen på eksterne møter (sistnemnde gjeld ikkje varaordførar). Tillitsvalde som ønskjer å delta på kurs, konferanse e l må søkja om dette til ordføraren.

c) Utbetaling:

- o løn skal utbetalast på vanleg måte.
- o fast godtgjersle skal utbetalast med 1/12 pr måned.
- o Variabel godtgjersle; godtgjersle pr møte, legitimerte utgifter, ulegitimerte utgifter, bilgodtgjersle o l vert utbetalt ein gong pr år. Frist for innlevering blir sett til 01.11, dvs perioden går frå 01.11 til 31.10 året etter. Kvar einskild som har rett til slik godtgjersle, må sjølv levera inn oppgåve på fastsett skjema. Dersom skjema ikkje blir sendt inn innan fristen som er sett, fell retten til å få utbetalt variabel godtgjersle bort.
- o Leiaren for utval, styre, råd skal attestera før tilvising. Ordførar/varaordførar attesterer for leiarane.

d) Tvilsspørsmål:

Formannskapet har fullmakt til å avgjera tvilsspørsmål etter ovanståande, og ta dei avgjerslene som er aktuelle for den praktiske gjennomføringa.

Reglementet er vedtatt av kommunestyret i møte /14, sak /14.